

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
15.04.2025 25/12447- 1 Ragnhild Holsvik

Saksnr.	Utval	Møtedato
13/25	Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	29.04.2025
12/25	Eldrerådet	30.04.2025
40/25	Kultur- og folkehelseutvalet	05.05.2025

Avvikling av DKSS - Profesjonelt kunst- og kulturtilbod til eldre

Kultur- og folkehelseutvalet 05.05.2025 - sak 40/25

Behandling

Tilleggsforslag fra SP og NML, foreslått av Henrik Stensønes, Senterpartiet

Kultur og folkehelseutvalget ber om at avvikling av Den kulturelle spaserstokk konsekvensvurderes før eventuell avvikling. Den kulturelle spaserstokk er et lavterskel folkehelse tilbud/kulturtilbud og vil ha store konsekvenser for brukerne.

Avvikles ikke, foreslått av Yvonne Wold, SV - Sosialistisk Venstreparti

Den Kulturelle Spaserstokken avvikles ikke. Midler tas fra disposisjonsfond.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Avvikles ikke**

Yvonne Wold (SV), Andre parti: AP

For: 5 stemmer (38%) - AP 2, NML 1, SP 1, SV 1

Mot: 8 stemmer (62%) - FRP 3, H 2, KRF 1, UAVH 1, V 1

Votering nr 2 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 7 stemmer (54%) - FRP 3, H 2, KRF 1, V 1

Tilleggsforslag fra SP og NML: 6 stemmer (46%) - AP 2, NML 1, SP 1, SV 1, UAVH 1

Henrik Stensønes (SP), Andre parti: NML

Vedtak:

1. Ordninga med Den kulturelle spaserstokken blir avvikla frå 2026.
2. Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkeskommunedirektøren orientere kommunane om vedtaket.

Eldrerådet 30.04.2025 - sak 12/25

Behandling

Konsekvensvurdering, foreslått av Bengt Gustav Eriksson, Pensjonistforbundet Møre og Romsdal

Eldrerådet ber om at avvikling av Den kulturelle spaserstokk konsekvensvurderes før avvikling. Den kulturelle spaserstokk er et lavterskel folkehelse tilbud/kulturtilbud og vil ha store konsekvenser for brukerne.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Konsekvensvurdering: 7 stemmer (100%) - AP 1, FRP 1, NFMR 1, PFMR 3, V 1

Bengt Gustav Eriksson (PFMR)

Tilråding:

Eldrerådet ber om at avvikling av Den kulturelle spaserstokk konsekvensvurderes før avvikling. Den kulturelle spaserstokk er et lavterskel folkehelse tilbud/kulturtilbud og vil ha store konsekvenser for brukerne.

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 29.04.2025 - sak 13/25

Behandling

Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne støtter eventuelt forslag fra eldrerådet i morgen, foreslått av Olav Amund Myklebust, SAFO Nord Vest

Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne støtter eventuelt forslag fra eldrerådet i morgen

Nytt forslag, foreslått av Hanne Notøy, Arbeiderpartiet

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne ber om at Kultur-og folkehelseutvalet finn midlar innanfor egne rammer, slik at DKSS kan vidareførast ut over 2025 og ut økonomiplanperioda.

Olav Amund Myklebust (SAFO-NV) trekte sitt forslag før votering.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Nytt forslag: 7 stemmer (100%) - AP 1, FFO-MR 2, KRF 1, SAFO-NV 2, KS 1

Hanne Notøy (AP)

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Tilråding:

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne ber om at Kultur-og folkehelseutvalet finn midlar innanfor egne rammer, slik at DKSS kan vidareførast ut over 2025 og ut økonomiplanperioda.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Ordninga med Den kulturelle spaserstokken blir avvikla frå 2026.
2. Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkeskommunedirektøren orientere kommunane om vedtaket.

Bakgrunn

Gjennom vedtak av økonomiplan 2025-2028, med budsjett for 2025, er Den kulturelle spaserstokken (DKSS) vedtatt nedlagt. Vi viser til sak PS-68/24, 10.12.24.

Då kultur- og folkehelseutvalet disponerer ramma for kulturområdet, blir saka lagt fram for kultur- og folkehelseutvalet, for stadfesting av vedtak frå fylkestinget.

Nærare om Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ei ordning der kommunane kan søke om tilskot til profesjonell kunst- og kulturformidling tilpassa eldre. Formålet med ordninga er å sikre kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre.

Ordninga skal bidra til auka samarbeid mellom kulturektoren og omsorgssektoren. Det skal skje på arenaer der dei eldre er i dagleglivet.

For meir info om DKSS og fylkeskommunen si forvaltning, sjå sak [KNF-121/21](#) Den kulturelle

spaserstokken – evaluering og innretting, behandla 30.11.21, og sak [KF 18/14](#) Den kulturelle spaserstokken, behandla 07.05.14.

I 2024 var det sett av 2 mill. kroner til formålet. Summen har vore den same, sidan 2015.

Vurdering

Då ordninga vart foreslått lagt ned, var det fleire årsaker til dette. Ramma til ordninga er kraftig svekka over år, som følge av sterk pris- og lønnsvekst i kultursektoren utover kommunal deflator etter 2020. Fleire kommunar legg arrangement til andre arenaer enn seniorsenter og sjukeheimar, og samarbeidet mellom kultursektoren og omsorgssektoren er uklart. Forvalting av ordninga krev ressursar til administrasjon, både hos fylkeskommunen og kommunane, uavhengig av størrelsen på tilskotet. Tilskotet kan variere frå om lag 30.000 til 300.000 kroner, basert på eit grunnbeløp og talet på eldre over 70 år i kommunen. Den same forvaltinga må utførast i kvar kommune uansett storleik på tilskotet.

For kommunane vil nedlegginga av Den kulturelle spaserstokken bety at dei ikkje lenger har tilgang til fylkeskommunale midlar til å arrangere DKSS-tiltak. Dette vil mest sannsynleg føre til at det blir færre slike arrangement, og det vil bli vanskelegare for kommunane å lage eigne arrangement slik dei har vore vande med over mange år.

Gjennom DKSS-ordninga har dei eldre opplevd auka trivsel og livskvalitet. Eit konkret eksempel på dette er Demenskor. DKSS-midlar kan til dømes nyttast til å innhente musikkterapeut til eit sånt formål, og fleire kommunar har nytta seg av denne moglegheita.

For kunstnarane vil nedlegginga resultere i færre oppdrag i fylket, noko som kan påverke deira økonomiske situasjon og moglegheiter til å bu og arbeide i Møre og Romsdal. Av den grunn vart det frå fylkeskommunedirektøren foreslått å styrke ramma til Møremusikarordninga med 1 mill. kroner. Denne styrkinga vart tatt ut av budsjettet, gjennom vedtak av økonomiplan (PS-68/24, 10.12.24.).

Administrasjonen si vurdering før framlegging av økonomiplan med budsjett for 2025, var at ei vidareføring av DKSS-ordninga kravde både endring i retningslinjer, ei høgare økonomisk ramme og ei anna forvalting. Det var utfordrande innanfor driftsramma. Fylkeskommunedirektøren ser at avvikling av DKSS-ordninga særleg vil kunne ramme eldre i institusjon, som frå før har få profesjonelle kunst- og kulturtilbod. Men etter ei samla vurdering, og der ein er pålagt ytterlegare effektivisering av og i administrasjonen, held fylkeskommunedirektøren fast ved si vurdering.

Økonomiske konsekvensar

Ei ev. vidareføring krev ei omdisponering innanfor ramma til kulturområdet. Dersom ein også skal ta høgde for prisveksten, som har vore på nærare 34 prosent frå 2015 til og med 2024, bør ein sette av minst 2,67 mill. kroner til føremålet.

Ei ev. vidareføring av DKSS-ordninga krev også tilsettressurs til forvalting av ordninga. Tilsetteressurs kan kanskje frigjerast gjennom å ta bort eller redusere andre tilskotsordningar, innanfor same fagområde. Nærliggande er ordninga «Tilskot til prosjekt og tiltak innan allmennkultur og idrett». Konsekvensen er færre midlar til regionale tiltak og prosjekt innanfor allmennkultur og idrett.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør